

## KOMMISJONSREKOMMANDASJON

2016/EØS/8/21

av 17. mars 2010

## om overvaking av perfluoralkylerte stoff i næringsmiddel

(2010/161/EU)(\*)

EUROPAKOMMISJONEN —

som viser til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen, særleg artikkel 292, og

som legg desse synsmåtene til grunn:

- 1) Perfluoralkylerte stoff (PFAS) er mykje nytta i industri- og forbrukarprodukt, m.a. i flekkavstøytande belegg til tekstilar og teppe, oljeavstøytande belegg til papirprodukt som er godkjende for å komme i kontakt med næringsmiddel, brannsløkkingsskum, overflateaktive stoff i gruver og oljebrønner, bonevoks og insektmiddel. Ei viktig undergruppe er dei (per)fluoreerte organiske overflateaktive stoffa, som m.a. omfattar perfluoroktansulfonat (PFOS) og perfluoroktansyre (PFOA).
- 2) På grunn av denne omfattande bruken er PFOS og PFOA og salt og forløparar til desse stoffa funne i miljøet, i fisk, fuglar og pattedyr. Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik (EFSA) har difor bede si eiga vitkapsgruppe for ureinande stoff i næringsmiddelkjeda om å utarbeide ei fråsegn om korleis næringsmiddel og ulike materiale som kjem i kontakt med næringsmiddel, kan medverke til at menneske vert eksponerte for PFOS og salt av dette, og å gje råd om ytterlegare åtgjerder når det gjeld risikovurdering av perfluoreerte organiske sambindingar.
- 3) 21. februar 2008<sup>(1)</sup> vedtok vitkapsgruppa for ureinande stoff i næringsmiddelkjeda ei vitkapsleg fråsegn om PFOS, PFOA og salt av desse.
- 4) I denne vitkapslege fråsegna reknar EFSA det som usannsynleg at PFOS og PFOA vil ha negative verknader på den generelle folkesetnaden, men peikte på det er knytt uvisse til korleis dei verkar på utviklinga til levande organismar. EFSA rådde til at det er ønskjeleg med fleire

opplysningar om innhaldet av PFAS i næringsmiddel og hjå menneske, særleg når det gjeld overvaking av eksponeringstendensar.

- 5) I Stockholm-konvensjonen om persistente organiske sambindingar er det eit krav at konvensjonspartane skal overvake persistente organiske ureinande stoff, alternativ til desse og eventuelle nye slike stoff, og i vedlegg B til konvensjonen er PFOS, salt av dette og perfluoroktansulfonylfluorid (PFOSF) førte opp blant dei stoffa som er omfatta av restriksjonar når det gjeld produksjon og bruk —

## TILRÅR FØLGJANDE:

1. Medlemsstatane bør i 2010 og 2011 overvake førekomsten av perfluoralkylerte stoff i næringsmiddel. Overvakinga bør omfatte eit breitt utval av næringsmiddel som speglar av forbrukarvanane, medrekna næringsmiddel av animalsk opphav som t.d. fisk, kjøt, egg, mjølk og produkt som er framstilte av desse, og næringsmiddel av vegetabilsk opphav, slik at det vert mogleg å gjere ei korrekt vurdering av eksponeringa.
2. Medlemsstatane bør følgje dei framgangsmåtene for prøvetaking som er fastsette i vedlegg I til kommisjonsforordning (EF) nr. 1883/2006 av 19. desember 2006 om fastsettelse av prøvetakings- og analysemetoder til offentlig kontroll av innholdet av dioksiner og dioksinlignende PCB i visse næringsmidler<sup>(2)</sup> for å sikre at prøvene er representative for det partiet som prøvene vert tekne frå.
3. Medlemsstatane vert rådde til å gjennomføre analysen av perfluoralkylerte stoff for å påvise førekomst av sambindingane PFOS og PFOA og, dersom det er mogleg, forløparane deira, t.d. perfluoroktansulfonamid (PFOSA), N-etylperfluoroktansulfonamidetanol (NetFOSE) og 8:2 fluortelomeralkohol. Dersom det er mogleg, bør medlemsstatane analysere sambindingar som liknar PFOS og PFOA, men som har ulik kjedelengd (C4–C15), og likeins overflateaktive stoff som inneheld polyfluoralkylfosfat (PAPS), t.d. 8:2 diPAPS og 8:2 monoPAPS, slik at det vert mogleg å vurdere førekomsten av desse stoffa i næringsmiddel.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 68 av 18.3.2010, s. 22, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 115/2011 av 21. oktober 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold) og vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 70 av 22.12.2011, s. 12.

<sup>(1)</sup> Fråsegn frå vitkapsgruppa for ureinande stoff i næringsmiddelkjeda om perfluoroktansulfonat (PFOS), perfluoroktansyre (PFOA) og salt av desse, *The EFSA Journal* (2008) 653, s. 1–131.

<sup>(2)</sup> TEU L 364 av 20.12.2006, s. 32.

4. Medlemsstatane bør gjennomføre analysen av perfluoralkylerte stoff i samsvar med vedlegg III til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 882/2004 av 29. april 2004 om offentlig kontroll for å sikre at fôrvarer- og næringsmiddelregelverket samt bestemmelsene om dyrs helse og velferd overholdes<sup>(1)</sup> ved hjelp av ein analysemetode som har vist seg å gje pålitelege resultat. Ideelt bør atfinningsprosenten vere i området mellom 70 og 120 %, med kvantifiseringsgrenser på 1 µg/kg.

5. Medlemsstatane vert rådde til jamleg å sende over til EFSA overvakingsdata, på grunnlag av heil vekt, saman med dei opplysningane og i det elektroniske rapporteringsformatet

som EFSA har fastsett, slik at opplysningane kan samlast i éin database. For å overvake eksponeringstendensar bør dei òg leggje fram tilgjengelege data frå tidlegare år, som er skaffa fram ved bruk av ein analysemetode som har vist seg å gje pålitelege resultat.

Utfërda i Brussel, 17. mars 2010.

*For Kommissjonen*

John DALLI

*Medlem av Kommissjonen*

---

<sup>(1)</sup> TEU L 165 av 30.4.2004, s. 1.